



Yngst på strikkekafeen: Kristiane Skjelnes (9) og Victoria Haaranes (10)

**Ikveld har det vore sesongstart for strikkekafeen i Gamleskulen og vertskapet Jane Haaranes og Ann Kristin Olsen var godt fornøgd med frammøtet. Mange var nye og det kom 25 finger-rappe damer frå Kvinnherad, Samnanger og Nesttun. Dei hadde 3 trivelege timar saman. Undervegs var det servering av kaffi og biteti og det vart halde utlodning til eit særdeles godt føremål - Stiftelsen Sykehusbarn. Gevinstane var gjeve av Gros Blomster, Spar, Porselensbuo og Pickles.**



Langvegsfarande: Dagfrid Våge frå Samnanger og Sølvi Erdal frå Nesttun

Den mest langvegsfarande var atter ein gong ein utflytta uskedaling. Sølvi Erdal (født Tvedt) nøler ikkje med å ta turen heim når det er strikkekafe her sjølv om ho bur på Nesttun.

Også mor og dotter frå Samnanger - Herborg Nordvik og Dagfrid Våge - var på plass og det var ikkje minst på grunn av denne trioen at bordet dei satt ved vart kalla 'den harde kjerne'.

Herborg kunne presentera eit vakkert døme på kva det er mogeleg å få til med to strikkepinner - barnesokkane Veslekua designet av den kjente Jorid Lindvik i Bodø. Men så krevjande oppgåver er tydeligvis ikkje prioritert på ein strikkekafe.

- Her vert det meir enkel strikking, her prioriterer vi det sosiale. Vi satsar på det meir avanserte når vi kjem heim, sa ei av dei ivrigaste strikkarane i bygda.

Når kjem så neste strikkekafe? Det visste ikkje Jane.  
- Det tek vi på sparket, sa ho som har æra for dette fine tiltaket.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Og her er Veslekua designa av Jorid Linvik og strikka av Herborg Nordvik